



OPPGÅVER SOM KAN STØTTE UTVIKLING AV TEKSTKOMPETANSE

Støtte til å orientere seg i tekst kan vere å be elevar om å:

- ✓ identifisere mønster i grafiske representasjonar som kart og diagram
- ✓ forklare bruk av symbol i ein tekst
- ✓ identifisere dei ulike tekstelementa før lesinga tek til (overskrifter, fotnoter, bilete osv.)

Støtte til å tolke tekstelement og samanlese skrift og bilete kan vere å be elevar om å:

- ✓ setje ord på korleis dei går fram for å lese og tolke ein informasjonsgrafikk
- ✓ omforme frå ein modalitet til ein annan, for eksempel å bruke verbalspråk til å forklare ein illustrasjon, eller framstille informasjon frå brødttekst til modell, figur eller illustrasjon/teikning
- ✓ forklare formål med bruk av ein illustrasjon i ein fagtekst: kva er hovudhensikta med denne tabellen/ biletet/ grafen?

Støtte til å reflektere over form kan vere å be elevar om å:

- ✓ forklare kva struktur ein tekst har, og kvifor denne strukturen er valt
- ✓ forklare ulike teksteffektar, for eksempel bruk av kursiv eller uthevingar i ein tekst: kvifor vel forfattaren å bruke slike verkemiddel?
- ✓ forklare formål med bruk av ein modalitet: kvifor har forfattaren valt å framstille informasjonen i form av... Kva anna teksttype kunne forfattaren brukt?

Støtte til å reflektere over innhald kan vere å be elevar om å:

- ✓ forklare hovudhensikta med ein tekst
- ✓ vurdere forfattarstemme i ein fagtekst. Kva val har forfattaren teke i utforminga av denne teksten? Kva ønskjer forfattaren å kommunisere til lesaren?
- ✓ vurdere om dei synest overskrifter er dekkande, eller be dei lage eigne overskrifter som passar eit avsnitt